

# **ÅRSMELDING 2016**

**SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG**

## **Innhold**

### **Sogn og Fjordane Folkemusikkklag**

- Administrasjon
- Medlemmer, medlemskap og representasjon
- Årsmøtet 2015
- Utgjevingar
- Fond
- Folkemusikkprisen

### **Prioriterte satsingsområde 2015-2018:**

- Informasjon
- Folkemusikkarena
- Kulturpolitisk arbeid
- Organisasjon

## **Utsnitt**

### **Samarbeidspartnarar**

# SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG

Sogn og Fjordane Folkemusikklag vart skipa i 1981, og har følgjande formål:

**Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for og auke kunnkapen om, kjennkapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.**

## STYRET

Styret i Sogn og Fjordane Folkemusikklag har etter val på årsmøtet 2016 og konstituering hatt ei slik samansetjing:

Antonia Karete Haugen Kongsvik (Stryn) styreleiar

Knut David Hustveit (Fjaler) nestleiar

Sølvi Lien (Førde) styremedlem

Aud Sissel Orheim (Nordfjordeid) styremedlem

Arve Bjørn Røneid (Gaupne) styremedlem

Varamedlemer:

1. varamedlem Norill Therese Norheim

2. varamedlem Dagfrid Vallestad Brevik

3. varamedlem Berner Midthjell

1. vara har vore kalla inn til alle styremøte.

Styret har i meldingsåret hatt 5 styremøte. Eitt av desse på Skype. Totalt har styret handsama 27 saker. Nokre av sakene har også vore drøfta pr. e-post.

## ADMINISTRASJON



Ingrid Andersen Heieren er dagleg leiar og folkemusikkkoordinator i Sogn og Fjordane Folkemusikklag.

Stillinga er framleis på 50%.

Dagleg leiar har heimekontor på Fjelli.

## MEDLEMMER, MEDLEMSKAP OG REPRESENTASJON

Folkemusikklaget hadde **512** medlemmer pr. 31.12.2016 (500 i 2015), **60** born og unge og **452** vaksne. ( 53 born og 447 vaksne pr. 31.12. 2015). Av desse er **15** enkeltmedlemmer direkte innmelde i Folkemusikklaget.

20 lokallag er tilslutta organisasjonen. Dette er det same som i 2015.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har medlemsskap i:

*FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans*

*Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival*

*Sogn og Fjordane Musikkråd (skipa i 2012)*

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har vore representert på:

*Oppsummeringsmøte om FK 2016: Dagleg leiar Ingrid Andersen Heieren*

*Møte med arrangøren av FK2017: Dagleg leiar Ingrid Andersen Heieren*

*Leiarmøte i Vestlandskappleiken: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik og dagleg leiar Ingrid Heieren*

*Møte mellom fylkeslaga på Vestlandet: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik, dagleg leiar Ingrid Heieren, Arve Bjørn Røneid, Norill Therese Norheim og Aud Sissel Orheim.*

*Møte med fylkeskommunen om vidareføring av fylkesmusikarordninga: Dagleg leiar Ingrid Heieren og styremedlem Sølv Lien*

*Representantskapsmøte i Førdefestivalen: Knut David Hustveit*

Sogn og Fjordane Folkemusikklag vart også invitert til jubilumsfest då Dalsfjorden spelemannslag markerte sitt 75-års jubileum. Nestleiar Knut David Hustveit deltok på arrangementet.

## ÅRSMØTET 2016

Årsmøtet var lagt til Kjølsdal Montessoriskule, søndag 13.mars. 10 medlemslag var representerte med til saman 13 røysteføre utsendingar.

-Frå styret møtte styreleiar Antonia Karete Haugen Kongsvik, nestleiar Knut David Hustveit, styremedlemene Aud Sissel Orheim og Elling Sølvberg.

-Frå administrasjonen Ingrid Andersen Heieren.

-Frå valnemnda møtte Sigmund Larsen.

Knut David Hustveit var møteleiar. Til stades var til saman 19 personar. Helene Myklemyr Bolstad var på møtet som gjest frå FolkOrg. På saklista stod vanlege årsmøtesaker.

## FOND

Sogn og Fjordane Folkemusikklag forvaltar Rolf Myklebust Minnefond og Mokursfondet.

### Rolf Myklebust Minnefond



*Rolf Myklebust*

Minnefondet har som føremål å stø utgjeving av tradisjonell folkemusikk frå Sogn og Fjordane. Fondet gjev ikkje stønad til nyinnspelingar eller utgjeving av nye komposisjonar på notar.

Fondet sto pr. 31.12.16 med kr. 122 711,81kr i eigenkapital. Det vart i 2016 gjort ei tildeling på 4000kr frå fondet til noteheftet «Einar Espe og spelemannslaget Fjelljom sine fyrste år». Tekst og notar av Arne M. Sølvberg

### Mokursfondet

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011, og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset, samt renteinntekter av fondet sin eigenkapital. Midlar frå fondet kan gå til å dekkje eit eventuelt driftsunderskot frå Mokurset, og til å gjere investeringar i Mokurset etter vedtak i styret.


Fondet sto pr. 31.12.16 med kr. 87 901,80 i eigenkapital.

## UTGJEVINGAR

### Rolf Myklebust: Slåttar i Nordfjordtradisjon

Rolf Myklebust sine notehefte med *Slåttar i Nordfjordtradisjon* vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986. Folkemusikklaget har pr. 31.12.2016 der 480 hefte på lager. Hefte nr. 2 er utseld. Arbeidet med å få trykt opp fleire eksemplar av hefte 2 er no starta.

### Skumringstimen



Boka *Skumringstimen* vart gjeven ut i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrive ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket.

Boka inneheld også to cd - plater med opptak av kjeldene.

Folkemusikklaget har pr. 31.12.2016 58 bøker på lager.

## FOLKEMUSIKKPRISEN

Folkemusikkprisen er ei heidersutmerking og blir delt ut anna kvart år til ein person, lag eller organisasjon som har gjort ein særleg innsats for folkemusikken i fylket.

Prisen for 2016 vart utdelt under Fylkeskappleiken 2016 og gjekk til Svein Nesje.



Følgjande grunngjeving vart opplesen av styreleiar Antonia Karete Haugen Kongsvik ved tildelinga av prisen:

«Kandidaten i år har lang fartstid med arbeid for folkemusikken i fylket, både som utøvar og som organisator.

Kandidaten har berga så mange ein slått ved å ta vare på ukjend notestoff frå handskrivne samlingar og er også dyktig til å skrive arrangement.

Kandidaten har utført dommargjerninga både på fylkeskappleikar, vestlandskappleikar, distriktskappleikar og landskappleiken.

Han har vore leiar i fylkeslaget, nestleiar i lokallaget og aktiv musikar i fleire lag og grupper i Nordfjord. No har nok dei fleste skjønt kven dette er så vi ber Svein Nesje komme på scena før vi les vidare frå grunngjevinga.

Svein starta tidleg med fela og stilte i unge år opp på kappleiken som Nordfjord spelemannslag arrangert i Stryn.

I tillegg til fele og hardingfele spelar han også klarinett og var klarinettist både i Stryn musikklag og Stryn strykeorkester. Han song også i Stryn mannskor.

På 70-talet skipa han til Stryn spel- og dansarlag som blant anna arrangerte både Fylkeskappleik og Vestlandskappleik. Etter at aktiviteten i dette laget ebba ut, var han mangårig nestleiar i Spelemannslaget Fjelljom.

I hans periode som fylkesleiar stod han for skriving og redigering av medlemsbladet «Spelarstikka». Han lanserte ideen om eit felemakarverkstad på Nordfjord folkemuseum og la ned eit stort arbeid i samband med utgjevinga av notesamlinga til Rolf Myklebust.

Som solospelemann kan han blant anna vise til fyrsteplass i B-klassen på Vestlandskappleiken. Solospelet hans kan også høyrast på CD-utgjevingane «Korri, korri» og «Song og spel i Stryn».

Han har vore aktiv med i fleire spelemannslag; Fjelljom, Hornindal og Eid.

Han har også vore ein sentral musikar i kjende folkemusikkgrupper som Firdakvartetten, Bolstadensemplet og Honndalsmusikken. Gruppene har mange både konsertoppdrag og CD-utgjevingar bak seg. Her kan nemnast at den siste CDen til Honndalmusikken vart tildelt Folkelarmprisen i klassa for tradisjonelt samspele.

I 1993 var Svein festivalsjef for Landsfestivalen i Stryn. Han var også leiar av hovudkomiteen då Hornindal arrangerte fylkeskappleik i 2006. Han har også vore ei drivkraft for folkemusikkonsertane på den veglause fjellgarden Eldegard.

Sogn og Fjordane Folkemusikkklag ser på Svein Nesje som ein svært verdig mottakar av prisen og takkar for godt arbeid gjennom mange år.

Vi ønskjer til lukke med Folkemusikkprisen for 2016.»

Tidlegare mottakarar av Folkemusikkprisen: Elin Grytting (2014), Jon Oddvar Kandal (2012), Einar Eimhjellen (2010), Harald Hesjevoll (2008), Arne M. Sølvberg (2006), Ingrid Søyland (2004), Petter Eide (2002), Sigmund Eikås (2000), Oline Løvlid (1998), Maria og Lars Ryssdal (1996), Anna og Ragnvald Lunde / Martha Seljeseth Frøland (1994), Svein Skjerdal (1992), Peder Raad / Johanna og Nils Ormberg (1990), Gudveig og Ingolf Iversen / Sjur Hesjevoll (1988) og Paul Berstad (1986).

# PRIORITERTE SATINGSOMRÅDE INFORMASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikkklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans:

- Gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til publikum og medlemmer.
- Arbeide for auka omtale av folkemusikk- og dans i media.

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad å vere synleg. Ein aktør som ikkje er synleg, er heller ikkje viktig. Folkemusikkklaget arbeider for å gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til utøvarar, arrangørar, media og publikum.

Informasjonstiltaka våre kan delast opp i kategoriane passive og aktive. Døme på passive infotiltak er nettportalen [www.folkemusikkklaget.no](http://www.folkemusikkklaget.no). Her må interesserte leserar sjølv oppsøkje portalen for å finne informasjonen dei ønsker. Døme på aktive infotiltak er utsending av nyhendebrev, pressemeldingar og bruk av sosiale media. Her deler Folkemusikkklaget relevant informasjon til definerte målgrupper.

## NETTPORTAL

Folkemusikkklaget har på nettportalen “Folkemusikk i Sogn og Fjordane” laga ein felles informasjonsportal knytt til domena [www.folkemusikkklaget.no](http://www.folkemusikkklaget.no), [www.mokurset.no](http://www.mokurset.no), [www.fylkeskappleiken.no](http://www.fylkeskappleiken.no) og [www.vestlandskappleiken.no](http://www.vestlandskappleiken.no).

Nettsida har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Aktuelt
- Folkemusikkklaget
- Kurs | Seminar
- Mokurset
- Fylkeskappleiken
- Vestlandskappleiken

På nettportalen blir det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker, og portalen har ein kalenderfunksjon der alle som ønsker kan legge inn arrangementa sine. Sakene på nettportalen blir produsert og publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene, samt informasjon frå eksterne aktørar om relevante saker og hendingar. Folkemusikkklaget har det redaksjonelle ansvaret for nettportalen, men innhaldet på menypunkta Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken blir hovudsakleg produsert og publisert av dei lokale kappleiksarrangørane.

Folkemusikkklaget ønsker at nettportalen skal spegle det som skjer på folkemusikkfronten i fylket og oppmodar alle om å sende inn informasjon om arrangement rundt i fylket. Det har i 2016 vore publisert om lag 160 artiklar på nettsida.

## SOSIALE MEDIA

Sogn og Fjordane Folkemusikkklag har eiga side på facebook. Her vidareformidlar folkemusikkklaget eigne nyhende frå nettportalen vår. Det vert også forsøkt å dele vidare folkemusikkhendingar som andre har oppretta, artiklar frå avisar om folkemusikkarar m.m. Det vert spesielt lagt vekt å på spreie informasjon om arrangement i Sogn og Fjordane og utøvarar frå Sogn og Fjordane. Laget har også eigen konto på Instagram.

Dei fleste arrangementa våre vert oppretta som hendingar på facebooksida vår. Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har tilbod om å bli oppretta som hendingar under Folkemusikklaget si side.

#### NYHENDEBREV

Folkemusikklaget har sendt ut eit månadleg nyhendebrief til alle medlemslag, enkeltmedlemmer og andre interesserte vi har registrert kontaktinfo på, samt våre samarbeidspartar og regionale kulturaktørar. Sakene i nyhendebriefet blir generert ut frå nettportalen “Folkemusikk i Sogn og Fjordane”. Vi arbeider jamleg med å oppdatere og utvide mottakarlista for nyhendebriefet.

#### PRESSEMELDINGAR

Folkemusikklaget sender ut pressemeldingar til media i fylket i samband med våre tiltak, prosjekt og arrangement. I samband med avvikling av Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har i tillegg dei lokale arrangørane også sendt ut relevante pressemeldingar. Fleire av pressemeldingane har ført til gode oppslag i media.

## FOLKEMUSIKKARENA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Sikre gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for born, unge og voksne gjennom å:
  - skipe til eigne arrangement
  - samarbeide med relevante aktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt om arrangement.
  - oppmøde kulturskular og spelemannslag til samarbeid om folkemusikktilbod

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad der fins gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for både born, unge og voksne. Den levande folkemusikktradisjonen føreset at der fins utøvarar som driv formidlingsverksemd, at denne formidlingsverksemda rekrutterer nye utøvarar, og at det blir drive opplæringsverksemd som skapar nye utøvarar. Folkemusikklaget kan ikkje sikre alle desse arenaene åleine, men vi skal ta vår del. Og vi skal samarbeide med andre aktørar som er med på sikre desse arenaene, og dessutan oppmøde fleire og nye aktørar om å sikre slike arenaer.

## KAPPLEIKAR



#### Smørbukk-kappleiken

Smørbukk-kappleiken er ein uformell arena der barn og unge får synge, spele og danse for kvarandre, og møte andre unge i fylket med same interessa.

Smørbukk-kappleiken vart også i år arrangert under fylkeskappleiken laurdag 12.mars i Kjølsdalen. Det var rekorddeltaking med i alt 80 unge deltakarar frå heile fylket i aksjon på scena. Innslaga femna frå solonummer til store grupper. Både dans, song og spel var representert blant innslaga.

Asbjørg og Arne M. Sølvberg leia samlingsstunda for alle med leik og dans midt i kappleiken. Knut David Hustveit var programleiar, og ein jury samansett av Åslaug Timenes Bell, Elling Sølvberg og Ole Nilssen fekk i oppgåve å peike ut ”Årets Smørbukk”.



Sigve Træen Årskog (foto) imponerte alle sitt stødige solospel på fele og vart for dette kåra til "Årets Smørbukk".

Smørbukk-kappleiken 2016 vart sponsa av Norsk Barneblad.

### FYLKESKAPPLEIKN og DM

Fylkeskappleiken gjekk av stabelen i Kjølsdalens, 11.-12. mars. Smørbukk-kappleiken var også i år samlokalisert med fylkeskappleiken, og vart avvikla på føremiddagen laurdag. For andre gong vart DM trekkspel arrangert samstundes med kappleiken. Vindfylla spelemannslag var den lokale arrangøren av fylkeskappleiken. Arrangørane gjorde eit godt arbeid med førebuing og avvikling av kappleiken. Det vart som vanleg tevla i både bygdedans- og runddansklassar.

Vandrepromiane vart vunne av Britt Pernille Frøholm (spel), Irene Hestvik og Leon Årdal (dans) og Dag Vanberg (song). Alle tok det første nappet i sine vandrepromiar.

Vandrepromien i spel, ein viking utskoren i tre, var oppsett av Sogn og Fjordane Folkemusikklag i 2014. Vandrepromiane i dans og song var oppsette av Spelemannslaget Fjelljom til fylkeskappleiken 2012.

Resultatliste frå kappleiken er å finne på [www.fylkeskappleiken.no](http://www.fylkeskappleiken.no) under resultatarkiv.

Frå 2014 vert alle nye vandrepromiar oppsett av Sogn og Fjordane Folkemusikklag.

### VESTLANDSKAPPLEIKN

Vestlandsappleiken er eit samarbeid mellom folkemusikklag i Hordaland og Sogn og Fjordane. I 2016 var det Hordaland sin tur. Kappleiken vart arrangert i Bergen.

Resultatliste frå kappleiken er å finne på [www.vestlandsappleiken.no](http://www.vestlandsappleiken.no)

## KURS | SEMINAR

### DANSEKURS



I samband med arrangementet «Ein aftan på Ålhus» arrangert av John Oddvar Kandal arrangerte Sogn og Fjordane Folkemusikklag dansekurs på Skei med Solveig Hauknes og Ole Nilssen. Det var 22 deltagarar på kurset.

Kurset var støtta av Rådet for folkemusikk og dans og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane.

### MOKURSET

Mokurset er eit sommarkurs i folkemusikk- og dans for born, unge og voksne, og gjekk av stabelen på Mo i Sunnfjord 10.-15. juli. Kurset hadde 60 deltagarar i alderen 10-20 år, der hovudvekta frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal.



Mokurset hadde følgjande kurstilbod i 2016:

- Song- og spelkurs på fele, hardingfele, trekkspelet og toradar.
- Meisterklasse på hardingfele/fele med Bjørn Kåre Odde i samarbeid med Førdefestivalen.
- Dansekurs med Anna Gjendem

Dansekurset måtte dessverre avlysast grunna for få påmeldte. Dei andre kurstilboda gjekk som planlagt.

Instruktørar på spelkursa var Erlend Apneseth, Maria Skjeldrum Toppe, Oda Bolstad og Silje Solberg på hardingfele. Mari Skeie Ljones, Ingeborg Sommer og Aslak Brimi på fele. Margit Myhr i song, Ole Nilssen på trekkspelet/toradar og meisterklasse med Bjørn Kåre Odde.

Dagleg leiar Ingrid Andersen Heieren var kursleiar, og Kristoffer Kleiveland var medhjelpar på kurset.

I tillegg var styret og ei rekke andre frivillige i sving under kurset – takk for innsatsen!

#### Konsertar under Mokurset 2016:

- Slik kan det gjerast – instruktørkonsert
- Har du lyst, har du lov – deltakarkonsert
- Konsert og dans i Sersjantløa på Sunnfjord Museum  
Konserten var i år med Erlend Apneseth og Margit Myhr.
- Mokurskonserten – avslutningskonsert med alle deltarane

Mokurset 2016 fekk stønad frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Førdefestivalen, Tine, Lerum og Luster Sparebank, Sogn og Fjordane fylkeskommune, KOMP, Rådet for folkemusikk og folkedans og FolkOrg sin rekrutteringsstønad.

Vi rettar ei stor takk til alle som støtta Mokurset 2016!

#### ARKIVKURS

Det var planlagt nytt arkivkurs 17. september 2016 med musikkarkivar Synnøve Bjørset. Kurset vart avlyst på grunn av for få påmeldte, men er planlagt å setje opp att i 2017.

## KULTURPOLITISK ARBEID

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Vere ein synleg kulturpolitisk aktør som sikrar medlemmene sine interesser. For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at aktørane på folkemusikkfeltet har gode råmevilkår for verksemda si. Kulturpolitiske prioriteringar og offentlege løvningar påverkar råmevilkåra i stor grad, og det er viktig at folkemusikkfeltet til ei kvar tid kjempar for betre råmevilkår.

#### OMLEGGING AV FYLKESMUSIKARORDNINGA

Sølvi Lien og Ingrid Heieren møtte fylkeskommunen for eit møte om vidareføring av fylkesmusikarordninga. Fylkeskommunen ser ei opning for å få i gong ei vidareføring av fylkesmusikarane frå august 2018. Dei ønskjer ei ny organisering anten distriktsmusikar eller ei prosjektorganisering. Folkemusikklaget er teke med i prosessen slik at dei har med seg miljøet før dei opprettar stillingar osv. Det er planlagt eit møte med alle kommunane i fylket på nyåret. Kommunane er nøydde til å vere med på laget med tilsetjing i kulturskulen for at det skal gå i boks. Det er snakk om 4-5 stillingar - 50% fylkeskommunal stilling og 50% kulturskule.

Bestillinga frå fylkeskommunen til folkemusikklaget er å gje ein statusrapport på folkemusikkmiljøet i fylket med tanke opplæring, kva miljøet ønskjer, og kome med innspel til ei ny organisering. Det vil verte jobba vidare med saka i 2017.

## ORGANISASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

Kontinuerleg utvikle organisasjonen gjennom å:

- sikre god flyt av informasjon internt i organisasjonen
- initiere samarbeid med relevante aktørar regionalt, nasjonal og internasjonalt
- nytte menneskelege og økonomiske ressursar i organisasjonen til det beste for formålet

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at organisasjonen som arbeider med dette er ein godt fungerande, framtidsretta, sjølvutviklende og effektiv organisasjon med god kompetanse.

#### **STYРЕARBEID OG ARBEIDSGJEVARANSVAR**

Styret har arbeidd med å etablere gode rutinar for sakshandsaming og rapportering. Førre styreleiar laga ei oppsett for "Styreleiarperm" med informasjon om oppgåver knytt til styreleiarvervet og arbeidsgjevaransvaret. Det vert jobba for å oppdatere «permen» kontinuerleg. Alle informasjon er no digital.

#### **RAPPORTERING OG DOKUMENTASJON**

Folkemusikklaget har arbeidd vidare med å skape gode rutinar for å rapportere og dokumentere verksemda vår, og har siste åra mellom anna arbeidd med å digitalisere delar av eldre papirdokument, samt investert i digitale lagringsmedium. Det vert jobba med å gjere meir materiale tilgjengeleg på nett blant anna tidlegare årsmeldingar, referat, resultatlister m.m.

## **UTSNITT**

Erlend Apneseth Trio mottok Folkelarmpris.

Arne M. Sølvberg gav ut heftet « Einar Espe og spelemannslaget Fjelljom sine første år». Tekst og notar: Arne M. Sølvberg.

Dalsfjorden spelemannslag markerte 75-års jubileum.

Austrheim Musikkklag markerte 100-års jubileum med dansespel på Hurtigruta.

Audhild Flaktvedt Moxnes Minnepris 2016 gjekk til Kjersti Kindingstad Vågen.

Jeremiasfestivalen arrangert konsert med Knut Buen i samband med 5-års jubileum- tretrinnsrakett.

Unni Løvlid kom på andre plass i A-klassen for vokal på Landskappleiken i Vågå. Britt Pernille Frøholm kom på andre plass i spel fele B og er dermed kvalifisert til A-klassen. Elling Sindre Syversbråten og Emma Nygaard Sætren kom på tredje plass i dans fele klasse C og Dag Vanberg på andre plass i vokal D. Kristi og Tora Bjørhusdal kom på tredje plass i samspel jr.

Hafslobelgen kom på 3.plass i lag spel durspel/trekkspel. Ein heile halve maone kom på tredje plass i gruppespel. Senior og seniorita kom på andre plass i Open klasse på Landsfestivalen i Gaupne.

Jostedalen spel og dansarlag og Gamlebanken spelemannslag var arrangørar då landsfestivalen markerte 30-års jubileum. Festivalen vart arrangert i Gaupne.

Naustedalen spelemannslag var på ny tur til Amerika.

Erlend Apneseth framførte tingingsverket Nattsongar på Førdefestivalen.

Honndalstausene markerte 30-årsjubileum.

Gro Marie Svidal hadde plateslepp på plata «Eilov» som er hennar andre soloplate.

Eid Spelemannslag hadde plateslepp i Gaupne under landsfestivalen med «Nye takter».

Britt Pernille Frøholm Gav ut plate med gruppa Boreas: «Ahoy Hoy».

Spelemannslaget Fjelljom arrangerte Fjelljomfestivalen med konsertar og kurs i munnbspel, halling, song og

fele.

Oline Løvli fekk Kongens fortjenestemedalje i sølv for sin innsats for folkesongen.

Jostedal video v/Tormod Øvrebø har også i år lagt ut filmklipp på YouTube av mange dansarar på ulike kappleikar/festivalar. Dette har vorte godt motteke i miljøet og klippa har mellom anna vore nytta i opplæringssamanheng.

John Oddvar Kandal arrangerte «Aftan på Ålhus», 12. februar. Konsert, spel og dans. Folkemusikklaget arrangerte dansekurs i samband med dette arrangementet i Borgja.

Førde Internasjonale Førdefestival 6.-10. juli med temaet «På flukt!».

## SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESELARAR

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har i 2016 hatt ei rekke samarbeidspartnarar og økonomiske støtteselarar, og vi rettar ei stor takk til alle som har bidrege til realiseringa av ei rekke tiltak:

**Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane**

**Førdefestivalen**

**KOMP**

**FolkOrg**

**Rådet for folkemusikk og folkedans**

**Tine**

**Lerum**

**Luster Sparebank**

**Norsk Barneblad**

**Hordaland Folkemusikklag**

**Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane**

**NTL Sogn og Fjordane**

**Vindfylla Spelmannslag**

**15.03.2017**

**Antonia Karete Haugen Kongsvik - styreleiar**



(sign.)

**Knut David Hustveit - nestleiar**

(sign.)

**Arve Bjørn Røneid - styremedlem**

(sign.)

**Aud Sissel Orheim - styremedlem**

(sign.)

**Sølvi Lien - styremedlem**

(sign.)